# Åreblad

NR 1 2016 – INFORMASJON FRA HORDALAND FYLKESKYSTLAG – 23. ÅRGANG



DNT Ung Hordaland på tur med gavlbåten Notmann. Oda M. Aarland frå DNT Ung Austevoll var initiativtakar og turleiar for turen.
Foto: Svein Midtøy, Austevoll kyst- og sogelag.

# «Med vind som motor»


| | | | |
|---|---|---|---|
| Leiaren har ordet | 2 | Aktivitetsdag i Sæbøvågen | 16 |
| Hordakyststevne 2017 | 4 | Oselvar | 18 |
| M/B Arnefjord til Shetland | 6 | Indre Sogn kystlag | 19 |
| M/S Saltnesvåg | 9 | Sildekaker, roglede og tjære | 20 |
| Nordisk Kystkulturfestival | 10 | Halsnøy Rundt | 22 |
| Opsangervågen kystlag | 11 | Romsa kystlag | 23 |
| Enigheden, Bergen kystlag | 12 | Året som har gått | 24 |
| Hardanger Trebåtfestival | 13 | Bømlo kystlag | 26 |
| Landstevne i Bodø 2016 | 14 | Kystkalenderen | 27 |

# Leiaren har ordet…

Det går mot jul i 2016. Og vi ser oss tilbake siste kystlagsåret i Hordaland. Det har skjedd ein god del i kystlaga i Hordaland der også Hordaland Fylkeskystlag har vore med på arrangementa. Vi begynte aktivitetene våre med årsmøte på Stend vidaregående skule med god deltaking. Etterpå hadde vi interessant omvisning i båtnausta på Hordamuseet. Etter dette har det gått slag i slag ut over året.

Det var segltreff i Hope også i år. Og så var det stort fellesarrangement med Hansadager og Torgdag i Bergen. Dette arrangement gjekk frå torsdag ettermiddag til langt utpå søndagen for mange av deltagerene. Arrangementet for kystlaga som deltok starter med klargjering til arrangementet frå Torget til Bradbenken med utstillinger, salgsboder, vaktfunksjoner mm. Vi arrangerte også i år rokonkurranse på Vågen i Bergen. Dette i regi av Hordaland Fylkeskystlag med deltagere frå fleire kystlag.

I år var det Kvinnherad kystlag som arrangerte Hordakysttreff Halsnøy rundt. Dette arrangementet gjekk over to dager og blei eit fint arrangement med bra deltaking. Dette sjøl om været ikkje blei det beste. Eg fekk ikkje sjøl anledning til å delta i dette arrangementet, men fleire frå styret i HFKL deltok både som roarar og som medhjelpere i arrangementet.

Den store opplevinga for meg i kystlagssammenheng var deltaking i Forbundet Kysten sitt Landsstevne i Bodø i sommar. Det var eit flott og stort arrangement, godt til rettelagt med hovedarrangement på innsida av moloen i Bodø. Her var mange fine innslag både på land og sjø. Eit av dei mange høgdepunkta på Landsstevnet var nedlegging av grunnsteien til den nye jektemuseet i Bodø. I dette museet skal ein ta vare på ei original nordlandjekt frå Salta. Vi fekk også anledning til å være med å være mannskap på nordlandsjekta Brødrene frå Vestrålen ifm dette arrangementet. Nordlandsjekta Brødrene er kopi av den største nordlandsjekta som skal være bygd. Denne jekta deltok både på arrangementet med Hansadagene og Torgdagen i Bergen og på Forbundet Kysten sitt landsstevne i Bodø i sommar.

Turen til Landsstevnet i Bodø og returen blei ein flott båttur med mange fine opplevinger. Blant anna var vi også innom Kristiansund og besøkte Mellemverftet der landsstevnet for Forbundet kysten skal væra neste år.

Vi blei tidlig å år kontakta av lederen i Tysnes Kystlag med forespørsel om Tysnes kystlag kan få arrangere Hordakyststevne i 2017. Dette er vi i styret i HFKL sjølsagt svært positive til. I september blei vi inviterte til møte med Tysnes Kystlag for å få høyre meir om planene som Tysnes kystlag har ifm dette. Vi hadde møte med styret i Tysnes Kystlag på Årbakka, der kystlaget held til med sine aktiviteter. På Årbakka er ein gamal handelsstad med krambu, verkstad og servicebygg og eit naust- og sjøhusmiljø som er teke vare på i

*Glimt frå den gamle butikken på Årbakka. Foto: Solveig Brekke*








samarbeid mellom eigarane av staden og Tysnes kystlag. Her er bla. ei interessant samling av båtmotorer og båtutstyr i tillegg til hus og naust mm. På møtet gjorde styret frå Tysnes kystlag greie for planene for Hordakyststevnet i 2017. Planen er å ha sjølve stevnet på Alsaker brygge på Onarheim på austsida av Tysnes. Her er eit nytt og godt egna serviceanlegg på land og gode flytebrygger for båter. Så vi oppfordrar alle i kystlag i Hordaland til å sette av dagane frå torsdag 22. juni til søndag 25. juni til å delta i Tysnes kystlag sitt Hordakyststevne i 2017. Vi ser sikker på at dette blir eit godt arrangement med mange fine innslag frå kyst-kulturen både på sjø og land.

Søndag 9. oktober var vi på besøk hos Vinnesholmen kystlag i Fusa. Vinnesholmen kystlag er det nyaste kystlaget i Hordaland. Dei driv virksomheten sin på ein tidligere husmannsplass på Vinnesholmen. Her er det bustadhus, låve, fjøs og naust frå tida med husmannsplassen. Dette er sett i stand og teke i bruk av kystlaget. Bygningene er no i god og original stand med tidsriktig interiør og utrustning. Til eigedomen høyrer også ein del utmark på Vinnesholmen. Kystlaget har også rydda utmarka og driv her med villsauer.

Av andre kulturelle aktiviteter vil eg her nevne at boka om Oselvaren er no kommen ut. Dette er ei flott og omfattende bok som beskriv utvikling og bruken av oselvaren både som bruksbåt og som lystbåt.

Oselvarverkstaden vart 1. Desember 2016 oppført i UNESCO registeret for ”God vernepraksis til å ta vare på immatriell kulturarv”. Stor ære til Oselververkstaden som har fått saka i havn.

Eg vil til slutt nytte høvet til å ynskje alle i kystlaga i Hordaland ei god jul og eit godt nytt år. Og eg ser fram til å få møte dykk igjen på forskjellige arrangement også til neste år.

Helsing Torgeir Evjen / Leiar





*Øverst: Fra Halsnøy rundt*

*Over: Johannes Eide, Ingunn Vardøy og Jan Steinsland*

*Under og til venstre: Glimt fra Vinnesholmen kystlag sine hus og sauer.*
*Foto: Solveig Brekke*







# Hordakyststevne 2017 - Tysnes

Onarheim var eit hovdingsete i forhistorisk tid. Garden var eit midtpunkt og ein møtestad i den vestre delen av landet vårt, vide kjend som kultstad og tingstad. Somme historikkarar har meint at Onarheim var den eldste rettsstaden for Gulatinget, før Håkon den gode, etter tradisjonen, let det flytta til Gulen midt på 900-talet.

**Religiøst, sosialt og kulturelt midtpunkt på Vestlandet**

Sidan mellomalderen var Onarheimsgildet ein institusjon som tok vare på Onarheim sin eldgamle funksjon som religiøst, sosialt og kulturelt midtpunkt på Vestlandet. Dei lokale røtene til det kristne Onarheimsgildet var truleg dei heidne omgangsdrikkelaga, knytta til blotveitslene. Som kristne gilde går det venteleg attende til 1100-talet, knytt til heilagkongen Olav Haraldsson.

**Olsokfeiring**

Onarheimsgildet samla gildebrør til olsokfeiring frå det gamle Hordaland. Feiringa kunne gå over ei heil veke kring 29. juli. Det var ei viktig sosial hending for medlemmene, men religiøse seremoniar hadde ein brei plass. Elles i året hadde gildebrørne plikt til å hjelpa dersom ein gildebror vart skadd av lauseld på hus eller fekk sott på buskapen. Gilde av dette slaget var regulert av eigne lover. Vi kjenner tre gildelover (gildeskrå) frå mellomalderen her i landet. I alle høve den eine er frå Onarheimsgildet.

Den økonomiske krisa i seinmellomalderen må ha svekt gildeskipnaden kraftig, og reformasjonen førte til ei definitiv avvikling. Noko før 1554 let bispen Geble Pederson føra til Bergen «en Gildestue af Bygden», til bustad for rektor på latinskulen. Det kan ha vore gildestova på Onarheim.

**Eldsåker ved Onarheim**

Området har i tidlegare tider husa Skipsbyggeri der ein dreiv med nybygg og ombygging av fartøy. Frå 1850 til ca 1900 vart det bygd Jekter på Elsåker, på 1900 talet var det skjøyter og kuttere som sto på beddingen på Elsåker.

**Saksa frå Tysnes gards og ættesoge 4:**

"1918-19 bygde Samuel K. Nordal, saman med Nils Storesætre, ein 101 fots ishavsskute ved Elsåkersjødn, tinga av Schelderup i Salten, med 14-15 mann i arbeid. Denne skuta, «Polarulv», på 130 br.reg.tonn, var til då det største fartøyet som var bygd i Tysnes.

Åra 1944–45 bygde han ein kuttar på Elsåker for Hjertaker i Kvitavollsneset, saman med to av sønene. Sidan heldt dei fram med båtbyggjing på Elsåker(øyro) til 1950, med 10-12 mann i arbeid, både nybygg og reparasjonar.

Seinare vart det etablert trelasthandel på området, firma Tysnesbygg LL v/ Johan Kjerland dreiv fram til avviklinga.

**Velkommen til stevne!**

Tysnes Kystlag skal stå som arrangør av Hordakyststevne. Stevne blir heldt helga 23 - 25



*Til venstre:*
*Flytebryggene ved OnarHamn*

*Under: Eldsåker ved Onarheim*
*(bildet er utlånt av Morten Nordal)*



Juni, på Onarheim, Tysnes. Onarheim er kjent fra gammalt av for blant anna Olavsgildet.

Alsaker fjordbruk ved Gerhard Alsaker stiller areal disponibelt i firmaet sin nye båthavn «Onarhamn» (onarhamn.no) til Hordakyststevne på Onarheim. I tillegg til båthavnen med 500 meter med flytebrygge husar området kaier, lager, verkstadsbygningar, oppdrettsanlegg for leppefisk/ rognkjeks til bruk for avlusing av laks samt administrasjonsbygget til Alsaker Fjordbruk avdeling Tysnes.

OnarHamn ligg ca 7 km frå Årbakka Handelsstad der lagslokalet til Tysnes Kystlag ligg berre eit steinkast frå gravfeltet på ”Årbakka vodlen” datert frå eldre jernalder.

Dersom du kjem med ferja til Hodnanes ligg det 9,3 km langs austsida av Tysnes kjem du derimot med ferja til Våge kjører ein via Uggdal med avkjørsel til venstre rett etter Uggdal Kyrkje til Onarheim 17,8 km. Kjem ein over Lukksund tar ein av til venstre i Lundegrend og følger veien sørover til Onarheim.

Tysnes Kystlag ønsker alle gode Kystlagsmedlemmer (og andre) velkommen til stevne på Onarheim til sommaren.

*Helsing frå*
*Gunnar Onarheim*
*Tysnes Kystlag*

# Reparasjon/restaurering av trebåt

Tysnes Kystlaget skal i løpet av vinteren reparere/restaurere lagets Gavlabåt.

Arbeidet pågår no i verkstaden på Sletteskogsjødn på Onarheim, Tysnes som kurs med støtte frå Studieforbundet kultur og tradisjon. Kurset er basert på kvardagar ein dag pr. veke fram til Nyttår.

Når underteikna vitja dei ivrige karane på Sletteskogen hadde dei tatt av speilet og propell med aksling. Dei skal laga ny stilk og nytt speil. Gavlabåten blei laga i 1938 og det er fyrste gong speilet blir skifta.

Gunnar Onarheim er studieansvarlig, Oddvar Meland er initiativhaldar og kursansvarlig, og Egil Meland er lærar.

*Helsing frå Rebekka Høgestøl*



# M/B ARNEFJORD til Shetland

## - andre turen 75 år etter -

ARNEFJORD fekk att sitt opphavelege namn etter krigen, og Arnafjord 4 ein nyare og 8 fot lengre agentbåt som besten Markus Nese bygde i 1937, fekk namnet ARNAFJORD. Denne ligg for tida hjå Hardanger Fartøyvernsenter og er snart ferdig restaurert der.

TEKST/FOTO: MORTEN NESE

Det har ligge i bakhovudet og sviva i mange år at det skulle vore kjekt å sette kursen vestover til Shetland. Båten er gamal, men er satt i god stand. Kva med vindfanget av det store styrhuset som han fekk sett på etter krigen? Det vil no berre stabilisera mestsom ein mesan meinte Peder Lie når me bunkra hjå han på Sotra på veg til Glesvær, måndags kvelden 20. juni 2016.

Gode vener frå Bergen kystlag Liv Storheim og Dag Rune Økland - vande siglarar, tinga seg tur allereie tidleg i vinter, og so vart også Dag Nese med. Båe gutane arbeidar i Nordsjøen. Sigvart vart med til Glesvær, men han skulle feira Gullbryllaup og måtte stå over. Alle hadde hjelpt til å gjera båten sjøklar og det var kjekt å sjå korleis punkt etter punkt på sjekklista vart kryssa av før turen.

Søretter Kobbeleia surra Dag sjøklart, medan Liv og Dag Rune bendsla noko tau frampå dekk. Liv vinka opp i Hope til Ingunn Vardøy som hadde lånt oss ei fokka som me fekk



gleda av ute på havet. Dag Rune laga hanefot for å festa skøyta på fokka. Ut Korsfjorden heldt me 8.2 knop og det var god stemning. På Glesvær var det fullmåne og det var årets lengste dag – midtsumarsdagen.

Vi hadde venta på god værmelding og no skulle Nordsjøen roa seg utover tysdagen. Gjekk i springen og bakka ut frå steinkaien på Glesvær tysdag morgon 08:30 – søretter mot Marsteinen før kursen vart sett rett vest. Det var godlåt frå Rubben som gjekk godt med vatn på toppen. Blå himmel der ute og berre lett havdønning – meste vindstilt. Kursen var mot Sumburgh Head på sørspissen av Shetland. Det høvde godt også for å gå mot den sørvestlege seinare sørlege brisen når me passerte Norskerenna.

Fokka vart heist og båten gjekk fint. Havhestane flaug rundt båten. Nokre einskilde trålarar såg me, og der ute fekk Dag Rune auge på ein oljeplattform han drog kjensel

Mannskapet om bord: Liv Storheim, Morten Nese, Dag Rune Økland og Rune Nese



på. Jau det var Songa som han hadde jobba om bordpå.



Rubben - motoren - var tyrste og klokka 10:00 neste morgon la me kursen rett mot Lerwick så me skulle sleppa å fylle dieseltanken frå ekstradunk-ane me hadde på dekk ute i straumsjøane rundt sørlege spissen av Shetland. Me fekk landkjenning på Shetland frå aust av Moussa og såg snart klippane på Bressay.

Harbour master vart kalla opp på channel 12 og vi kunne leggja til Victoria Pier midt i hamna -sentrum av Lerwick. Der vart me godt mottekne og fortøyde på sida av ein ny kjenning M/K AMLA (frå Arnafjord) som hadde sett ut frå Glesvær kvelden før. Første seglbåten frå Bergen – Shetland Race hadde komen inn nett føre oss og seinare kom dei alle inn på hamna og det var god stemning. Etter bunkring bar det rett av garde til verdas beste «fish & chips» sjappe. So vitja me nokre vatnhull som det fleire av og yachtklubben var open heile tida.

Eg hadde vore i kontakt med Bill Moore sonen til Jack Moore som dreiv slippen i Scalloway under krigen, og torsdagen – Jonsok - var det buss tvers over øya til vestsida og Scalloway. Bill driv museet der med stort innslag frå nordsjøtrafikken og shetlands-skøytene sitt virke under 2. verdskrigen. Sjefen for ma-rinestasjonen – Håkonsvern - og fleire marineoffiserar var på vitjing da vi kom. Ein reporter frå BBC som var der for anledningen ville gjerne høyre om vår overfart og korleis det var å kome attende 75 år seinare med same båten. Dette gjekk rett på lufta same ettermiddagen. Då me kom att til Victoria Pier var det fleire som venta på kaien og kunne fortelje eitt og hitt frå då Arnefjord var der under krigen (den gong kalla Arnafjord).



Svigerdotter til eine mann-skapet hadde eit bilete av båten teke på Foula - fugleøya 20 m nautiske mil vest for Scalloway i Atlanterhavet – dette fekk eg. Liv og Dag Rune inviterte på heimelaga gryte av hjortakjøt og me hadde ein kjekke stund.

Arnefjord fører postens splittflagg og har eige brevhus om bord – Noregs nest minste.

Det var postens folk i Stein organisasjonen Bergen, som sende båten over Nordsjøen i 1941. Flyktningane hadde med ymse kort og brev osb. dengong, men dei var ikkje stempla etter den tidas krav.

Me sende helsingar heim som var skrivne om bord utpå Nordsjøen frå postkontoret i Lerwick. Me hadde nytta norske frimerke og stempla konvolutten om bord med PAQUEBOOT og M/B ARNEFJORD og fekk dato stempel med Lerwick. Ein liten filatelistisk juvel for dei som fekk helsing.

Fredagen kom det ein halvsides artikkel i Shetland Times om båten sin Shetlands-



Inspirert: «Abbey Road here we go»

historie. Etter å ha lese denne drog vi nordetter kysten til Whalsay – Kvaløya der mannskapet frå krigens dagar; Sandy og Bill kom frå. Der var sommarfest på fiskemottaket og vi måtte koma. Hu hei kor det smakte. Dottera til Sandy, Nelly spanderte whisky og hadde fleire album å syna fram med bilete frå den militære eininga dei hadde tilhøyrd. Laurdagen sette me av garde - eit godt vervindauge i Nordsjøen. Klokken 3 UTC frå kai. Lett skodde.

Kurs for Muckle Skerri og so for Hernar. Skruen vart stilt litt ned for brenseloljepumpa medan han heile tida fekk vatn på toppen. Rett nord for ALWYN plattforma i britisk sektor stogga motoren.

Me var 12 timer ut i havet. Det var roleg på sjøen, men fokka kom opp. Motoren hadde vorte litt kald med full spreiar og vatn. Ho starta opp att med det same.

På ettermiddagen fekk Dag Rune sjå eitt flott syn - ein kval hoppa opp i lufta nett framom båten. Liv stakk hovudet fram frå bestikken og fekk sjå kvalen braut vassflata.

No såg me fleire plattformar; Brage, Veslefrikk og Troll. Me gjekk ½ nm sørom Troll B plattforma arbeidsplassen til Dag Nese og han snakka med arbeidskameratar i tårnet – det var lys over alt. Me følte me oss småe ute på havet. 03:30 landkjenning. Noreg steig opp frå havet. Fyrste konturane var Lihesten og so ein flott soloppgang.

Me kom inn til Hernar og gjekk gjennom sundet Kyrkjeøyna og Hernar. Fortøyde ved sida av rutebåtkaien hos Vera Sanden klokka 06:00 om sundagsmorgonen.

Etter morgonbad og frukost kom Oddvar Olsen – son til Ole Olsen, som hadde henta Arnafjord i Sogn. Han synte oss kring på øya og fortalde: «Frå denne kaien rodde bror min Norvald alle flyktningane ut til Arnafjord. - Den låg ute på bukta her fortøyd i den staken og venta på dei. Oddvar tok oss også med til Englandskaien. Jonas Sanden frå Hernar som hadde vore med Arnafjord over i 1941, vart med i Shetlandsgjengen og gjorde fleire turar over Nordsjøen med «Havørn».

Hernar hadde stor trafikk under krigen både på land og sjø. Sebrastriper var noko uventa, men mannskapet viste straks at dei var inspirert av landet dei nett hadde returnert frå: «Abbey Road here we go»

So vart det bacalao og vafler om bord før me drog frå Hernar søretter Hjeltefjorden - de Naue og Byfjorden til Bergen.

Tur over Nordsjøen med 99 år gamal båt og motorer ikkje kvidesamt ljosaste tida på sommaren, om ein legg til: God vermelding og godt mannskap - dette gav meirsmak.



*Inn til Hernar, gjennom sundet Kyrkjeøyna og Hernar.*

# M/S «Saltnesvåg», Askøy Kystlag

**Båten til Askøy Kystlag er populær. Og Saltnesvåg har hatt en rimelig travel sesong. Flere og varierte oppdrag i nærmiljøet.**

TEKST/FOTO: ATLE GRINDHEIM

Den siste jobben var transport av en 100 år gammel Oselver tur-retur Follese-Bergen for å delta på bokslepp. Forfatteren rodde siste stykke inn til Torget med fløtekisten, eller fiskekiste som noen vil kalle den, på slep. Oppå fløtekisten var boken festet, - derav bok-slep.

Ellers brukte Askøy Kommune båten til byen for å promotere Sykkel VM 2017. Utstyrt med sykler og banner på babord siden, orkester på baugen og oppskåret makrell til måsene, klarte vi å tiltrekke oss oppmerksomhet fra TV stasjonene der vi lå med bredsiden til like ved målområdet. Det passet bra for oss at syklistene var forsinket.

Og selvsagt var skøyten til byen på Torgdagen og Hansadagene. Salget av røykesild og krabbe gikk godt, stemningen var god og været likeså. På slike dager er det mye kjentfolk på byen og mange fikk hvile sine trøtte lemmer om bord i «Saltnesvåg».



Askøy Røde Kors har brukt båten i sitt arbeid for integrering- og flerkulturelt og for terapigrupper. Veldig kjekt at båten brukes til slike formål. Mange av deltagerne på turene opplever en slik tur rundt i skjærgården med god mat og fisking, som eksotisk og spennende. Men flere hadde nok sett for seg noe annet enn en 52' gammel fiskeskøyte når de er invitert med ut på båttur. Derfor er det kjekt å oppleve at alle uten unntak har alle vært glad og fornøyd etter tilbakekomst. (eller glad og lettet for at de har kommet helskinnet tilbake på land???) Sommertur med funksjonshemmete ungdommer er også en fast gjenganger. Alltid kjekt. I tillegg hender det at vi kan hjelpe til med et løfte, eller et lite slep. Kjekt det også!

Florvåg Slip & Reparasjonsverksted ble startet opp i 1916 av nåværende eier sin bestefar og er dermed 100 år! En av de siste småslippene i Hordaland, for ikke å si Vestlandet.




*Til venstre:*
*Promotering av sykkel VM 2017*

*Under: Saltnesvåg og Silden på slipp i Florvåg*



# Nordisk Kystkulturfestival 2016

## Opsangervågen Kystlag – på Suderøy, Færøyane

**Vår tur i vesterveg starta mandag 4. juli på Birkeland Slipp, Avaldsnes då MK Vaarsol var på slipp der.**

TEKST/FOTO: EDVIN HAMMERØ

Meir "brukande" ver enn vi hadde på reisa var det ikkje mogleg å få. Den 5. juli om kvelden passerte vi Muckle Flugga, Shetland og onsdag den 7. juli ankom vi Våg, Suderøy.

Torsdag gjekk med til diverse nyttige og unyttige tiltak som småreparasjonar, bunkring, rigging av gamalt gangspel frå Gravdal Skipsbyggeri på kaien og til slutt middagsmat på restaurant. Der åt vi forresten middag kvar kveld under festivalen.

Fredag føremiddag var vi på biltur rundt omkring på søre Suderøy. Om ettermiddagen gjekk vi ut fjorden for å møta konvoyen som kom frå Torshavn. Vi var også på fleire interessante foredrag på biblioteket.

Laurdag og søndag var det også bra aktivitetar, ma. kapproing og segling (regatta). Søndag var festivalen slutt og mandag føremiddag starta heimreisa for oss.

Tirsdag kveld kom vi til Lerwick, Shetland. Der vart vi liggjande eit døger og natt til fredag 15. juni var vi attende på Karmøy.

Der vart vi verande nokre dagar for å arbeida på SK Strandlandet og så bar det heimatt til Opsangervågen.

Med venleg helsing
Opsangervågen Kystlag















# Nytt lagshus til Opsangervågen Kystlag

**Etter ei tid med planlegging, søknader og tilrettelegging av tomt, blei grunnmuren til det nye lagshuset til Opsangervågen Kystlag støypt i September 2015.**

I oktober starta dugnadsgjengen bygginga av huset. Då dette skulle vera eit kjekt arbeid med mykje godt humør, hadde dugnadsgjengen ein klausul om ikkje å jobba i "oljekledever".

Vergudane sørga for at det blei ein del avbrot undervegs, men arbeidet skreid då jamnt og trutt framover utover vinteren og våren. Sommaren i år regna jo heilt bort, men i august var vi i gang igjen. Denne månaden var det også kranseskål, og i slutten av september hadde vi tett bygg.

Lagshuset er 12 x 24 meter. Det er bygd ma. med tanke på å kunna lagra dorryane til DS "Utrøst", derfor er det tre store portar i langsida mot sjøen. Elles er det plass til andre båtar, motorar og andre maritime ting. Med dette vonar ein å få i gang ymse aktivitetar og kurs. Oppe er det eit rom til sosialt samvær, kurs, utstilling ol. Bygginga har føregått som kurs godkjent av Studieforbundet kultur og tradisjon.

Enno står mykje arbeid att. Men det viktigaste er at laget har fått tett bygg. No kan ein jobba under tak og sleppa å stå ute i ymse former for vestlandsver.

*Halvard Hammerø*
*Opsangervågen Kystlag*

*Foto: Lagshuset og dugnadsgjengen*









*Foto: Roger Sangolt*

*Julahelsing frå Hope trebåtlag*

# Litt om bruken av ”Enigheden” i 2016

Som vanlig rodde Bergen Kystlag med ”Enigheden” til Damsgaardsdagene i begynnelsen av juni, og ble møtt ved kai av bueskyttere. Tradisjonen tro ble vi kalt til scenen for å snakke om bruken av båten. På Damsgaard er de godt kjent med originalen (Eidsvollsbåten), som var i familien Jansons eie frem til slutten av 1800-tallet.

9. juni ankom nordlandsjekta ”Brødrene” for å delta i Hansadagene i Bergen. ”Enigheden” møtte dem på fjorden og eskorterte dem til kai. Vi deltok også ved åpningsparaden og ved defilering av gamle bruksbåter ved Torgdagen 11. juni.

Ved ”Statsraad Lehmkuhls ankomst etter seieren i seilskuteregattaen møtte vi ”Statsraaden” på fjorden og eskorterte henne til havn. Det var en opplevelse å følge ”Statsraaden” med sjantysang fra rærne i striregn. Vi kvitterte med 3 x hurra.

Under Kulturnatten i september ble ”Enigheden” benyttet av Studentersangforeningen til sang på Vågen med påfølgende bording av ”Stord 1” og konsert omord. Også dette er nå blitt en årlig tradisjon.

”Enigheden” og Bergen Kystlags rotur til Lærdal i 2014 ble presentert av Liv Bjerknes på Nordisk Kystkulturstevne på Suderøy på Færøyene i sommer (2016). Foredrag, filmvisning og fremvisning av utstillingen som fulgte oss på Lærdalsferden, samt Johannes Eides modell av ”Enigheden”, avstedkom interesse og gode samtaler. Utstillingen og modellen av båten ble fraktet med ”Vårsol” fra Opsangervågen Kystlag v/brødrene Hallvard og Edvin. Kystfolk er hjelpsomme.

I tillegg har vi hatt noen fine turer med ”Enigheden” på fjorden. Vi håper på enda større aktivitet neste år. Nå er ”Enigheden” trygt plassert i vinteropplag på slippen i Gamle Bergen, hvor Bergen Kystlag holder til. Vi håper at mange vil delta i vårpussen der, og som mannskap ved ulike anledninger i 2017.

*Liv Bjerknes*



*To av roerne, Martin og Anne. En pause i solen på Damsgård. Foto Solveig Brekke*



*Enigheden hilser Statsråden*
*Foto Solveig Brekke*



*Enigheden i fint driv på Vågen i Bergen*

# HARDANGER TREBÅTFESTIVAL

VESTLANDET SIN TREBÅTFESTIVAL - NORHEIMSUND, 16. – 18. juni 2017

Vestlandet er synonymt med kyst og fjord der sjøen var vegen. Mykje har endra seg innan samferdsla men fortsatt er båten sentral i denne landsdelen. Trebåten har år-tusen lange tradisjonar der livslina nesten blei kappa på 1970 - 1980talet. Heldigvis var det nokre som kjente eit sterkt engasjement for trebåten og kulturarven den represen-terer. Trebåtbyggjarskulen i Jondal, Forbundet Kysten, Norsk forening for fartøyvern, Hardanger fartøyvernsenter og Oselvarverkstaden er døme på at noko skjedde.

Skuleåret 1979 -80 var eg elev ved Båtbyggjarskulen i Jondal der medelev Petter Bjørn Southall føreslo å arrangere trebåtfestival. Som sagt så gjort, kanskje var dette den første trebåtfestivalen i landet? Diverre blei både skulen og trebåtfestivalen etter kvart lagt ned.

I 1985 byrja eg på fartøy-vernsenteret i Norheimsund og deltok i restaureringa av hardangerjakta Mathilde. Det gode fagmiljøet på fartøy-vernsenteret og hjå naboen Djupevåg båtbyggeri gjorde at eg tok initiativ til ein ny trebåtfestival i Hardanger i 1999, denne gongen i Nor-heimsund. Sidan har me arrangert trebåtfestival årleg rundt midten av juni.

Norheimsund er ein koseleg ”landsby” med god hamn og ei romsleg strandgate til stands og telt.

Me legg vekt på å skape ein møteplass for trebåtfolket med fagleg påfyll og sosialt samvær.

40 til 60 båtar, og 3000 til 5000 publikum pleier å vitje festivalen.

I 2017 blir Hardanger tre-båtfestival arrangert helga 16. til 18. juni, midt mellom Torgdagen i Bergen og fylkeskyststemnetpå Tysnes. Så da er det berre å komme over jula og sette i gang med båtpussen.

God arbeidslyst og velkomen til Hardanger.

Geir Madsen, leiar





# Forbundet KYSTEN sitt Landsstevne i Bodø
## - på tur sommeren 2016 -

**Vi var to medlemmer i Fjell kystlag, Frank Cleveland og undertegnede som sammen med ein felles bekjent av oss, Lars Solheim, ville reise med båt til Landsstevne i Bodø i sommer.**

TEKST: TORGEIR EVJEN
FOTO: FRANK CLEVELAND

Vi planla å reise med motorbåten Orion fra Sotra til Bodø og regnet med å bruke 4 -5 dagers reisetid kvar veg på turen. Vi hadde da planlagt å ha opp til 2 - 3 stopp pr dag underveis på prioriterte stoppestader.

Vi la i veg fra Spjeld på Sotra om morningen fredag 15. juli. Første stopp ble Hardbakke i Solund. Her hadde vi en runde på land på vel ein time samt et besøk på den lokale butikken. Neste stopp blei Berle i Bremanger før vi kom fram til øya Silda sør for Stad for natthavn. Her hadde vi en fin tur på land både på fredagskvelden og på lørdag morgen før avgang.

På lørdagen gikk vi først til Selje og hadde eit par timer stopp der før vi gikk til Fosnavåg og så videre til Bjørnsund ved sørenden på Hustadvika. Vi bunkret så i Harøysund før vi gikk til Kristiansund for natthavn på lørdagskvelden. På søndag brukte vi halve dagen til å gå rundt i Kristiansund med Frank som kjentmann i denne byen. Vi besøkte da bl.a Mellomverftet, utsiktstårnet og parkanlegget med «Vanndammene» på byfjellet over byen. Vi gikk fra Kristiansund ved 14-tida på søndagen og stoppa ved Ringholmen for middag og ein tur på land på før vi begynte å gå Trondheimsleia nordover. Her blåste det så kraftig nordavind at vi måtte gå på utsiden av Hitra der det var le. Og vi tok natthavn på søndagskvelden i ei flott havn på nordvest siden av Hitra.

Mandagen var det flott og stille vær. Da gikk vi i ett strekk fra Hitra, passerte Frøya og gjekk så i ett strekk til det gamle fiskeværet Sør-Gjeslingan på nordenden av Folla. Dette tok vel 6 timer i strekk over åpent hav i flott sommervær. Etter ein stopp på ca 4 timer på Søre Gjeslingan gikk vi til Rørvik for natthavn og bunkring.

På tirsdag morgen gikk vi fra Rørvik til Brønnøysund etter å ha gått gjennom leia oppover forbi bla Torget og Torghatten i nydelig sommervær. Vi stoppa ca 4 timer i Brønnøysund før vi gikk til Tjøtta for ein lenger stopp og natthavn. Her hadde vi ein flott tur på land og så på Tjøtta gård mm. Her traff vi også på fleire frå Fjell kystlag som var på veg til Forbundet kysten sitt landsstevne i Bodø.

På onsdag morgen gikk vi fra Tjøtta, forbi Sandnessjøen; Rødøy mv og stoppet et par timer i Selsøyvik der det ligg et stort og flott restaurert



*Båter ved kai på Bliksvær*

handelssted eit stykke sør for Bodø. Etter dette gikk vi til Bliksvær for møte med dei som kom sørfra og skulle til Landsstevne i Bodø. På Bliksvær var det samla er god del båter og folk som skulle til landsstevnet. Det blei servert grillet hvalkjøtt mm og det var god stemning med underholdning og sosialt samvær på land og om bord i båtane. På torsdag formiddag var det samseiling fra Bliksvær og til Bodø – da kom også en flåte nordfra med fartøyer som skulle til Landsstevnet.

Landsstevnet ble åpnet kl 1700 på torsdag i fint sommervær. På fredag gikk det så slag i slag med arrangement, seilaser, underholdning og mykje sosialt samvær. Landsstevnet i Bodø var godt planlagt og gjennomført og satte et fint og representativt preg på det meste av havneområdet i Bodø. Av fine opplevelser fra landsstevnet i Bodø kan nevnast markering av hundreårsjubileum for M/K Faxsen, -stasbåten til Salta Kystlag, nedlegging av grunnstein til jektefartmuseet utenfor Bodø, seilas med jekter og nordlandsbåter og mange flotte utstillinger, arrangementer og underholdning på land.

Turen vår sørover igjen gikk også fint med mange interessante stopp underveis. Av disse vil vi nevne stopp på Træna – ei spesiell øygruppe ute i havet utenfor Nordlandskysten. Stopp på Alstadhaug og Petter Dass-museet, stopp på Ylvingen og nytt stopp på Søre Gjeslingan. Vi hadde også et stopp nord på Hitra og på Veidholmen før vi gikk til Grip og hadde et stopp på nokre timer der. Vi stoppet også og var i land på klosterøya Selja sør for Stad, i Rugsund, i Vingen og på Kinn før vi returnerte til Sotra søndag 31.juli.

Dette blei ein fin tur til Nord-Norge med mange flotte opplevelser. Spesielt var oppholdet med landsstevnet i Bodø og stoppene på Søre Gjeslingan, Tjøtta, Selsøyvik, Blikksvær, Træna, Alstadhaug og Grip spennende og flotte opplevelser å ta med oss fra turen til Bodø og landsstevnet der.



*Over: Natthavn ved Søre Gjeslingan i fullt måneskinn*

*Under: Ny nordlandsbåt på havna i Bodø*





*Norlandsåttring i leia utenfor Bodø*

# Aktivitetsdag i Sæbøvågen

**Radøy kommune har et flott gratis sommertilbud til alle barn som er født 2004-2007. Sommertilbudet er sommeraktiviteter som nesten strekker seg over tre uker, siste uken i juni og de første to i august.**

TEKST/FOTO: ELIN H. MADELL

Vi i Keipane kystlag fikk æren av å bidra på en av disse dagene. Onsdag 10. august hadde vi 24 glade, forventningsfulle barn i Sæbøvågen. Skyfritt og med strålende sol over vågen gjorde dagen perfekt til å være ute med sjøen.

Alle fikk prøve seg i de stødige jakt- og fiskekajakkene og kano. Noen var også ute og fisket i jolla og jubelen jamret i sundet da makrellen villig beit på.

Dagen før hadde vi vært ute med garn og teiner, Og fisk fikk vi, det ene garnet var fullt av makrell, sei og lyr. I teinene var det rundt 18 krabber.



